

# Sakspapir

|                      |              |                   |
|----------------------|--------------|-------------------|
| <b>Saksbehandlar</b> | <b>Arkiv</b> | <b>ArkivsakID</b> |
| Anny Bastesen        | FE - 610     | 16/946            |

|               |               |             |             |
|---------------|---------------|-------------|-------------|
| <b>Saksnr</b> | <b>Utvalg</b> | <b>Type</b> | <b>Dato</b> |
| 35/2017       | Formannskapet | PS          | 29.03.2017  |
| 24/2017       | Kommunestyret | PS          | 29.03.2017  |

## Bustadmelding 2017 - 2020

### Vedlegg:

Investeringsmidlar kommunale bustader 2016

Bustadmelding Meland kommune 2017-2020

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

I budsjettvedtaket for 2016 ba kommunestyret rådmannen m.a. om å vurdere følgjande:

«..... Å inngå avtale med private tilbydarar for å sikre høvelege bustader til føremålet» (dvs bustader for vanskelegstilte) og «Vurdere noverande bruk av kommunale bustader med omsyn til tildeling, omløpshastighet, vedlikehald og organisering.»

Rådmannen la fram sak om bruk av investeringsmidlar for 2016, som kommunestyret behandla i møte 15.06.2016, sak KS-54/2016. Kommunestyret tok saka til orientering, og ba administrasjonen komme tilbake med ei bustadmelding for den kommunale bustadpolitikken. Saka skulle behandlast i samband med årsbudsjettet for 2017 men er forsinka pga sjukefråvêr og kapasitetsproblem.

I samband med revisjon av investeringsbudsjettet, behandla av kommunestyret i møte 08.03.2017, sak KS-11/2017, godkjente kommunestyret kostnadsramma for kjøp av bustader i 2017.

Framlegg til bustadmelding er no klar. Bustadmeldinga synleggjer status for noverande bustadportefølgje, og organisering / forvaltning av denne. Bustadmeldinga tek ikkje opp generell bustadpolitikk knytt til arealplanlegging, og den er heller ingen bustadsosial handlingplan.

#### Vurdering

Gjennom bustadmeldinga meiner administrasjonen at det er avdekka eit behov for skaffe fleire kommunale bustader. Dette gjeld både i høve til folketallet generelt, og til etterspørselen frå dei som har eit lovfesta krav på å få tilbod om kommunal bustad. Det er eit stort behov for at kommunen får større kontroll med kven som bur kvar, både i høve til brukaren sjølv, nærmiljøet og den kommunale tenesteytinga.

Både omsorgsbustader og bustader for vanskelegstilte bør vere lokalisert tett på busstilbod,

daglegvaretilbod og servicetilbod generelt. Som regel passar det at kommunen har bustader tilgjengeleg i sentrale, etablerte bumiljø, med ei viss spreining. Bustader for vanskelegstilte skal normalt vere tilgjengeleg for brukaren i ein periode av livet, med mål om at bebuaren blir i stand til å handtere eigen busituasjon. Her bør kommunen opp på eit høgare nivå enn i dag når det gjeld talet på bustader, for i større grad å kunne finne rett plassering for brukaren. Like viktig er det å etter kvart gradvis fase ut dei eldste bustadene, for å redusere vedlikehaldsbehovet og dermed driftskostnadene.

Omsorgsbustader er permanente bustader for brukarar i ulike aldersgrupper som treng pleie og/eller tilrettelegging, men ikkje nødvendigvis sjukeheimplass. På dette området bør kommunen auke innsatsen vesentleg, evt i nye driftsformer. Presset på sjukeheimplassar kan reduserast ved t.d. å tilby fleire omsorgsbustader i gruppe, sentralt plassert og med felles base for heildøgns tenester.

Bebuarar med særskilte utfordringar vil i nokre tilfelle ha behov for eit meir skreddersydd tilbod. Slike butilbod er ikkje tilgjengeleg i bustadmarknaden og krev kommunal utbygging. Det kan vere bebuarar som treng avskjerming i høve til nærmiljøet av ulike årsaker. Andre kommunar har t.d. god erfaring med enkle, robuste bustader i klynge, særskilt tilrettelagt for rehabilitering. Bebuarar med utfordringar innan rus og psykiatri er døme på brukarar som treng eit meir skreddersydd tilbod, som kommunen ikkje kan tilby i dag.

Administrasjonen meiner elles at avtale med utbyggjarar der kommunen har tildelingsrett til ein viss grad kan kompensere for mangelen på kommunalt eigde bustader. Administrasjonen ser ikkje at kommunen er stor nok til at løysinga vil ha særleg omfang, men det bør vere mogeleg å auke talet på avtalar ut over dei 9 avtalane som eksisterer i dag, dersom det er interesse for det. Kommunen har erfaring med ressurskrevjande husleigetvist og det er nødvendig å arbeide vidare med utlysing, avtaleverk og krav til utleigar før ein eventuelt vidarefører denne modellen.

Elles er det framleis aktuelt med framleige av private bustader, i visse tilfelle. Framleige er ikkje aktuelt i alle samanhengar; avtalane kan vere krevjande å administrere dersom forventningane hjå huseigar er for store eller urealistiske.

Folkehelse: Ordna busituasjon er vesentleg for den enkelte innbyggjar sin livskvalitet, og for rehabilitering når det er aktuelt.

Miljø: Ikkje aktuelt i denne saka

Økonomi: Ved å setje av tilstrekkeleg midlar i økonomiplan investeringar og årlege investeringsbudsjett vil ein kunne redusere presset på sjukeheimplassar, driftskostnader til eigedomsforvaltning og effektivisere tenestetilbodet innan NAV, helse, pleie og omsorg.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at bustadmeldinga blir lagt til grunn for disponering av midlar sett av i årlege investeringsbudsjett og økonomiplanperioden. Rapporteringa følgjer den ordinære årsmeldings- og budsjettprosessen.

### **Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret sluttar seg til Bustadmelding 2017 – 2020 og legg denne til grunn for arbeidet med økonomiplan og årsbudsjett i perioden.»

## **Formannskapet - 35/2017**

### **FS - behandling:**

#### **Framlegg til vedtak i møte:**

Saka vert utsett. Formannskapet vil at saka skal handsamast i råd og utval før handsaming i formannskap og kommunestyre.

### **Avrøysting:**

**Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.**

### **FS - vedtak:**

Saka vert utsett. Formannskapet vil at saka skal handsamast i råd og utval før handsaming i formannskap og kommunestyre.